

## Vurderingspraksis - Åheim skule

Åheim skule er med i ei nasjonal satsing om «Vurdering for læring» dette skuleåret. Frå 2017 skal også dei andre skulane i kommunen vår ta del i denne satsinga. Ei informasjonsbrosjyre vil bli laga, men til denne er klar, vil de finne ein del informasjon om «Vurdering for læring» på [www.udir.no](http://www.udir.no)

Vurdering for læring legg opp til å støtte eleven i læringsarbeidet. Dette inneber m.a. tettare vurdering i undervisningssituasjonar. Undervegsvurderingar vert ofte gjeve i kvar enkelt time, periode, gjerne munnleg, men også skriftleg. Elevane skal vite kva dei skal lære og vite korleis dei kan nå måla som vert sett. Elevane skal også ha gode tilbakemeldingar og framovermeldingar. Eleven skal lære å bli bevisst si eiga læring slik at ho/han vert sjølvregulert i eigen læreprosess. Forsking seier at det som gir størst effekt på læring, er den tette rettleiinga, tilbakemeldinga og framovermeldinga som vert gjeve «langs med» i aktuell læringsssituasjon.


På utviklingssamtalane i haust fekk de informasjon om korleis eleven står fagleg og sosialt.

Forskrift i Opplæringslova § 3-4 seier at det skal dokumenterast at vurdering er gjeve, men ikkje at denne dokumentasjonen treng vere skriftleg.

Åheim skule vil, i tråd med vurderingspraksisen til dei andre skulane i kommunen vår, ikkje sende ut skriftleg vurderingar til jul for 1.-7.kl. Skulen vil likevel sende ut ei skriftleg vurdering pr. år. Denne vert sendt ut i juni som tidlegare år.


Åheim, 12.12.2016

Med helsing



Bodil Holsvik  
rektor

[www.vanylven.kommune.no](http://www.vanylven.kommune.no)  
7030381



Åheim skule:  
Telefon rektor: 700 30 381  
Telefon inspektør: 700 30 382  
Telefon rådgjevar: 700 30 387

Telefon pers.rom: 700 30 383  
Telefon SFO: 700 30 388  
Postadresse: 6146 ÅHEIM  
Epost: [bodil.holsvik@vanylven.kommune.no](mailto:bodil.holsvik@vanylven.kommune.no)